



Notat

Dato: 20.05.2015
Arkivsak: 2014/10030-35
Saksbehandlar: birhau

Til: Opplærings- og helseutvalet
Fylkesutvalet

Frå: Fylkesrådmannen

Skulebruksplanen og framtida for Hjeltnes vidaregåande skule – utsetjing av politisk sak

Gjennom vedtak av Skulebruksplanen for Hordaland fylkeskommune 2012-2025 vart det bestemt at framtida for Hjeltnes vidaregåande skule skulle greiast ut gjennom eit prosjekt/moglegheitsstudie. Vedtaket i fylkestinget var slik:

«e. Hjeltnes vgs vert oppretthalden som eiga eining til 2016, jfr. punkt 6c. HFK set i gang eit prosjekt/moglegheitsstudie med føremål å etablere nye utdanningsprogram og anna berekraftig aktivitet på Hjeltnes vgs, og tek kontakt med Ulvik herad og dei ulike næringslivsorganisasjonane for samarbeid.»

Prosjektet har vore organisert med prosjektgruppe og styringsgruppe, og fylkesrådmannen fekk i april 2015 oversendt ein prosjektrapport til vurdering og som grunnlag for politisk sak.

Fylkesrådmannen har kome fram til at det er fleire forhold knytt til framtida for Hjeltnes vgs som må klargjerast ytterlegare. Nokre sentrale moment er mellom anna:

- Totaløkonomien i dei ulike tiltaka/aktivitetane som er gjort greie for i rapporten
- Skiljet mellom tiltak som fylkeskommunen har fullt rådvelde over som skuleeigar og avgjerdsområde som ligg til fagskulestyret. Avgjerd om fagtilbod i ein framtidig fagskule ligg etter dagens fullmakter til fagskulestyret.
- Realistisk rekrutteringspotensial for dei ulike aktivitetane som kan vere aktuelle på Hjeltnes

Fylkesrådmannen har vurdert at desse spørsmåla ikkje kan utgreiast tilstrekkeleg med tanke på å nå møta i utvala i mai og fylkestinget i juni. Politisk sak vert lagt fram hausten 2015.

